

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

FORVALTNINGSREVISJON

SULA KOMMUNE

Innkjøp og offentlege anskaffingar

JULI 2021

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund kommunar, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Møre og Romsdal Revisjon SA vart etablert 1.1.2020. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på [heimesida vår mrrevisjon.no](https://www.morrevisjon.no)

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling frå kontrollutvalet i Sula kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultatane frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om innkjøp og offentlege anskaffingar i Sula kommune.

Revisjonen er utført av Ingrid Walstad Larsen og Marianne Hopmark i perioden april til juni 2021.

Vi ønskjer å takke alle som har bidratt til denne forvaltningsrevisjonen.

Kristiansund, 01.07.2021

Marianne Hopmark

Oppdragsansvarleg revisor

Ingrid Walstad Larsen

Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen handlar om innkjøp og offentlege anskaffingar i Sula kommune, og er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om Sula kommune føretek innkjøp og anskaffingar i tråd med reglar for anskaffingar og dei rammeavtalar som er inngått for innkjøp i kommunen.

PROBLEMSTILLINGAR

Temaet offentlege innkjøp og anskaffingar blir belyst gjennom følgjande problemstillingar:

1. Har Sula kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?
2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?
3. Nyttar Sula kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

METODE

Vi har samla inn både munnleg og skrifteleg informasjon og dokumentasjon frå Sula kommune om kva slags system, rutinar og retningslinjer som er etablert for å ivareta lov- og forskriftskrav for innkjøp og anskaffingar i kommunen. Vi har i tillegg henta dokumentasjon frå nettportalen www.doffin.no, kor alle offentlege anskaffingar over nasjonal terskelverdi skal kunngjerast. Det er gjennomført spørjeundersøking bland tilsette med bestiller/innkjøpsansvar med spørsmål om delegasjonar, fullmakt, opplæring og kursing innan regelverk, samd etterleving av innkjøp og anskaffingsreglane. Dei innhenta faktaopplysningane er vurdert opp mot dei valde revisjonskriteriene. Vi meiner at datamaterialet som er samla inn og brukt i rapporten samla sett er pålitelege og gyldige. Dette gjer eit forsvarleg grunnlag for våre vurderingar og konklusjonar.

KONKLUSJONAR

Det er ein generell stor risiko for å gjere feil når det kjem til gjennomføring av innkjøp og offentlege anskaffingar. Det er difor viktig at dei gjennomførast i tråd med lov- og forskriftskrav og kommunens interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte, og krev at alle som føretek innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglar som til ein kvar tid gjeld. Dette for å sikre at dei grunnleggjande krava som blir stilt i regelverket blir lagt til grunn uansett kva slags innkjøp eller anskaffing kommunen føretek. Det er også av stor betydning at dei rammeavtalar som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gjer stordriftsfordelar og førar til enklare gjennomføring av kjøp.

Våre undersøkingar viser følgjande om Sula kommune:

Har Sula kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?

Under denne problemstillinga har vi sett på kommunens skriftlege dokument, opplæring hjå tilsette og kva slags kontrolltiltak som er satt i verk. Vi konkluderer med at kommunen har sett i verk fleire tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt, som skriftlege rutinar og anna kontrolltiltak. Det er mellom om anna ein innkjøpsstrategi under utarbeiding, noko vi synast er positivt. Når det kjem til forbetringpunkt trekkjer vi frem dei tilsette sine ønsker om meir opplæring og informasjon, og ein tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling innan anskaffingar. Sula kommune viser ein god haldning til tema i denne forvaltningsrevisjonen. Gjennom denne haldninga, samd system og rutinar som er etablert meiner vi at Sula kommune har sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt.

Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?

Under denne problemstillinga har vi sett på om anskaffingar som er gjort i 2020 og frem til 1. mai 2021 er konkurranseutsett, om dei er kunngjort på Doffin, om skatteattest er innhenta for dei dette gjeld, og om det er skreve protokoll for anskaffingane. Vi konkluderer med at varer og tenester blir kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk i stor grad. Kommunen konkurranseutsett anskaffingar, bruker Doffin til utlysingar, hentar inn skatteattest og dokumenterer innkjøpa skrifteleg med nokon unntak.

Nyttar Sula kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Våre undersøkingar viser at Sula kommune har ein oppdatert oversikt over alle rammeavtalar som er inngått, og at dei tilsette har oversikt over dei rammeavtalane som er relevante for sitt tenestemråde. Vi konkluderer med at Sula kommune i relativt stor grad nyttar seg av dei inngåtte rammeavtalane, men at dei og har kjøp frå andre leverandørar. E-handelssystemet blir brukt til innkjøp, og dei tilsette seier dei ønskjer opplæring og meir informasjon for å bruke det i større grad.

ANBEFALINGAR

Med bakgrunn i våre funn, vurderingar og konklusjonar vil vi anbefale Sula kommune følgjande:

1. At kommunen sikrar nødvendig opplæring av alle som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar etter anskaffinga sin karakter.
2. Å ha ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling i innkjøpsstrategien. Vi anbefaler også at kommunen vurderer å kartlegge kva som ligg i fullmakta til innkjøpar og gjer eventuelle avgrensingar synlege.
3. At det sikrast at alle som skal nytte e-handel får opplæring i dette.
4. At det sikrast at det blir innhenta skatteattest for norske leverandørar på over 500 000 ekskl. mva., og at plikta for å utarbeide protokoll blir følgt.

INNHALD

| | | |
|-----|--|----|
| 1. | Innleiing | 8 |
| 1.1 | Bakgrunn og bestilling..... | 8 |
| 1.2 | Føremål, problemstilling og avgrensning | 9 |
| 1.3 | Definisjonar av omgrep brukt i rapporten | 10 |
| | Om offentlege anskaffingar | 11 |
| 1.4 | Kjelder til revisjonskriterier..... | 11 |
| 1.5 | Metode..... | 12 |
| | Rekneskap og stikkprøvekontroll | 12 |
| | Dokumentanalyse | 12 |
| | Spørjeundersøking..... | 12 |
| 1.6 | Oversikt over terskelverdiar | 13 |
| 2. | Tiltak for etterlevelse av regelverk..... | 15 |
| 2.1 | Revisjonskriterier | 15 |
| 2.2 | Funn..... | 15 |
| | Oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp | 15 |
| | Opplæring og kompetanse hos innkjøper..... | 16 |
| | Kontrolltiltak..... | 17 |
| 2.3 | Vurdering frå revisor | 18 |
| 3 | Anskaffingar etter regelverket | 22 |
| 3.1 | Problemstilling | 22 |
| 3.2 | Revisjonskriterier | 22 |
| 3.3 | Funn..... | 22 |
| | Anskaffelser basert på konkurranse | 22 |
| | Kunngjering på doffin og innhenting av skatteattest | 23 |
| 3.4 | Vurdering frå revisor | 25 |
| 4 | Rammeavtalar..... | 27 |
| 4.1 | Problemstilling | 27 |
| 4.2 | Revisjonskriterier | 27 |
| 4.3 | Funn..... | 27 |
| | Inngåtte rammeavtalar..... | 27 |
| | Bruk av rammeavtalane | 28 |
| | Bruk av e-handel | 29 |
| 4.4 | Vurdering frå revisor | 29 |
| 5 | Konklusjon..... | 32 |
| 6 | Anbefalingar | 34 |
| | Referanseliste | 35 |
| | Vedlegg 1: Høyringsuttalelse frå kommunedirektøren | 36 |
| | Vedlegg 2: Utledning av revisjonskriterier | 37 |

| | |
|---|----|
| Problemstilling 1 | 37 |
| Oppgave- og ansvarsfordeling, mål, forventninger og strategi for innkjøp, opplæring og kontrolltiltak | 37 |
| Problemstilling 2 | 38 |
| Konkurranse | 38 |
| Anskaffelser til under 100.000 kroner | 39 |
| Kunngjøring på Doffin.no og TED | 39 |
| Skatteattest | 39 |
| Protokoll | 40 |
| Problemstilling 3 | 40 |
| Rammeavtaler | 40 |
| E-handel | 41 |
| Vedlegg 3: Spørsmål i spørjeundersøkinga | 42 |
| Vedlegg 4: Oversikt over terskelverdier | 43 |
| Vedlegg 5: Investeringsprosjekt | 45 |
| Vedlegg 6: Oversikt over inngåtte rammeavtaler | 46 |

1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet i Sula kommune bestilte prosjektplan (sak 4/21 den 27. januar 2021) på oppfølging av reglar for offentlege innkjøp i tråd med kommunestyret sitt vedtak punkt 1.2 i sak om plan for forvaltningsrevisjon, og vedtok prosjektplan i sak 11/21, den 24.mars 2021.

Det er ein generell stor risiko for å gjere feil i samband med gjennomføring av offentlege innkjøp. Det er derfor viktig at slike innkjøp blir gjennomført i tråd med krav i lov og forskrift, og kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte, og krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglar som til ein kvar tid gjeld. Dette for å sikre at dei grunnleggande krava i regelverket blir lagt til grunn uansett kva slags innkjøp eller anskaffing kommunen skal foreta. Det er også av stor betydning at dei rammeavtalane som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gir stordriftsfordelar og fører til enklare gjennomføring av kjøpa.

Temaet offentlege innkjøp var eit tema i vurdering av risiko og vesentlegheit til Sula kommune (2020), og vart vurdert til eit høgt risikonivå (s.17-18). Der står det:

Kontrollutvalet peika i sitt møte 13.05.20 på offentlege innkjøp som eit aktuelt område for vidare oppfølging.

Sula kommune har ikkje hatt saker i KOFA dei siste åra. For fleire år sidan var det ei klage til KOFA som gjaldt IT, og som medførte bot. Det har etter dette vore forsøkt diverse tilnærmingar på området mtp utlysing mv, og vi forstår det no slik at sak om dette var til handsaming i siste kommunestyremøtet før sommaren der det vart vedteke at kommunedirektøren skal leggje fram nye utgreiingar.

Det er ikkje eiga innkjøpsavdeling i kommunen, men Sula er med i innkjøpsamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar.

I samband med regnskapsrevisjon 2017 vart det gjort førespurnad om div innkjøp, og det vart avdekt nokre avvik som vart rapportert til Kontrollutvalet, og det vart også gitt merknad i revisjonsmeldinga om dette.

Det er eit lite kapittel om innkjøpsreglar i kommunen som ein del av økonomireglementet. Der går det og fram «Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp» og «Implementering av ILOkonvensjon nr. 94».

Inne i økonomisystemet til kommunen ligg det direkte link til innkjøpsavtalane som gjeld for kommunen.

Det ligg slik vi forstår det ikkje føre eigen innkjøpsstrategi eller detaljerte rutinar.

Kommunestyret fatta følgande vedtak i mai 2020:

- 1. Kommunestyret syner til at anskaffingar i kommunen ofte gjeld store beløp med risiko for kommunalt ansvar dersom det blir gjort feil.*
- 2. Med bakgrunn i saker som det den seinare tida har vore fokus på føreset kommunestyret at administrasjonen legg til rette for at anskaffingsreglane for framtida blir fylgde.*
- 3. Kommunestyret ber om at det administrative tilsynet med kommunen sine innkjøp vert innarbeidd i ei årleg internkontrollrapportering etter kommunelova § 25-2.*
- 4. Oversendingsforslag til formannskapet der dei må vurdere om det bør vere rapportering 2 gongar årleg og at ein får melding når ein har brukt 80 % av ramma.*

1.2 FØREMÅL, PROBLEMSTILLING OG AVGRENSNING

Hovudføremålet med denne forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om Sula kommune føretek offentlege anskaffingar¹ i tråd med regelverk og rutinar på området.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet (04/21) og prosjektplan som ble vedtatt av kontrollutvalet i møte 24.03.21 (sak 11/21) skal følgjande problemstillingar svarast ut:

1. Har Sula kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?

Her vil vi sjå på kommunens skriftlege dokument, opplæring blant tilsette og kva slags kontrolltiltak som er sett i verk.

2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?

Under denne problemstillinga vil vi sjå på om anskaffingar som er gjort i 2020 og fram til mai 2021 er utsett for konkurranse, om dei er kunngjort på Doffin², om skatteattest er innhenta, og om det er skreve protokoll for anskaffingar.

3. Nyttar Sula kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Her vil vi sjå på inngåtte rammeavtalar, bruken av desse, og innkjøp gjennom systemet elektronisk handel (heretter kalla e-handel).

Forvaltningsrevisjonen vil vurdere kommunens og dei tilsette si etterfølging av lov, forskrift og rammeavtalar, og system og rutinar knytt til driftsanskaffingar og mindre investeringsprosjekt.

¹ Anskaffingar er aktivitet med sikte på å dekke eit behov for varer, tenester eller bygg og anleggsarbeid.

² Den nasjonale kunngjøringsdatabasen for offentlige anskaffelser: www.doffin.no

Mindre investeringsprosjekt er i denne samanheng prosjekt med ein kostnad på under 10. mill. kroner eksklusiv moms.

Prosjektet er avgrensa til å vurdere kommunen sine system og rutinar knytt til innkjøp og anskaffingar som er gjort i løpet av 2020 og frem til mai i 2021. Vår gjennomgang omfattar difor ikkje alle anskaffingar som er gjort med alle føregåande prosessar.

Rapporten har vært på høyring i Sula kommune, og det ble gjennomført et høyringsmøte 17. juni 2021. Høyringssvaret ligger ved rapporten i sin heilheit i vedlegg 1.

1.3 DEFINISJONAR AV OMGREP BRUKT I RAPPORTEN

I den følgjene presenterast og forklarast dei viktigaste omgrepa som vi nyttar i rapporten:

Innkjøp: Aktivitet med sikte på å dekkje eit behov for levering av varar, utførsles av en teneste eller utførsles av bygg- og anleggsarbeidar.

Anskaffing: Aktivitet med sikte på å dekkje eit behov for varar, tenester eller bygg- og anleggsarbeid.

Terskelverdi: Terskelverdi er ei beløpsgrense som angir kva slags del av forskrifta (FOA) som kjem til bruk for ei anskaffing som skal kunngjerast. Det er den verdien som er anslått for kvar anskaffing, som kan bestå av fleire delkontraktar, inklusive opsjonar som skal medrekna.

DOFFIN: Database for offentlege innkjøp. Det er den norske offisielle databasen for det som skal kunngjerast.

TED-database: Tenders Electronic Daily (TED). Den europeiske offisielle databasen for kunngjerast.

Kontrakt: Ein gjensidig avtale som ein eller fleire oppdragsgjevarar inngår skifteleg med ein eller fleire leverandørar.

Rammeavtale: Ein avtale som ein eller fleire oppdragsgjevarar inngår med ein eller fleire leverandørar, og som har som føremål om å fastsette kontraktsvilkår for dei kontraktar som oppdragsgjevaren skal inngå i løpet av ein bestemt periode, særleg om pris og mengde.

Ulovleg direkte anskaffing: Anskaffing som oppdragsgjevar har gjennomført i strid med kunngjeringsplikten. Omfattar anskaffingar der kunngjerast skulle ha vore gjennomført, og der oppdragsgjevar berre har kunngjort i Doffin når regelverket også pålegg kunngjeringsplikt i TED-databasen.

Mindre investeringsprosjekt: Prosjekt med ein kostnad på under 10 millionar kroner ekskl. mva.

OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR

Offentlege verksemder må følge nokre grunnleggande prinsipp og krav til prosedyrar ved planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar. Krav til planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar er regulert i lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter (DFØ 2020).

Dei grunnleggjande prinsippa i lov om offentlege anskaffingar jf. §4 er «konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet». I «Veileder til reglene for offentlige anskaffelser» står det beskrevet kva desse omgrepa går ut på:

KONKURRANSE: Hovedregelen er at konkurranse skal avholdes. Det gjelder alle anskaffelser som er omfattet av lov og forskrift; både over og under terskelverdiene.

LIKEBEHANDLING: Forbud mot diskriminering på grunnlag av nasjonalitet og usaklig forskjellsbehandling på annet grunnlag. Oppdragsgiver skal også sikre at alle potensielle leverandører gis like muligheter ved at like tilfeller skal behandles likt, og ulike tilfeller behandles ulikt, med mindre noe annet er saklig og objektivt begrunnet.

ETTERPRØVBARHET: Kravet om etterprøvbarhet skal ivareta leverandørenes rettsikkerhet og gjøre det mulig å sjekke både om oppdragsgiver har fulgt reglene som gjelder for konkurransen, og om det offentlige har opptrådt på en måte som forvalter samfunnets ressurser effektivt.

FORUTBEREGNELIGHET: Oppdragsgiver skal sikre at anskaffelsesprosessen er forutsigbar for leverandørene og skal sikre åpenhet om alle stadier i anskaffelsesprosessen. Skal gjøre det mulig for leverandørene å vurdere om de vil delta i konkurransen samt sikre at leverandørene kan stole på at de angitte opplysningene om konkurransen blir fulgt.

FORHOLDSMESSIGHET: Krav til at oppdragsgiver skal gjennomføre konkurransen på en måte som står til anskaffelsens art, omfang, verdi og kompleksitet.

1.4 KJELDER TIL REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Desse skal vere grunngeve i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon.

Revisjonskriterier blir henta frå lov og forskrift om offentlege anskaffingar, i tillegg til rettleiingsmateriell frå departement, Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT) samd KS (Kommunenens sentralforbund). Vi har også samla aktuell styringsdokument frå Sula kommune. Denne informasjonen er nytta som kjelder til konkretisering av dei valde revisjonskriteriene.

Sjå vedlegg 2 for definisjonar av revisjonskriterier.

1.5 METODE

Undersøkinga baserast på Norges kommunerevisorforbund (NKRF 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Vi har henta inn data gjennom samtalar, dokumentanalyse og spørjeundersøking.

Ved å kombinere ulike metodar for å belyse det aktuelle området, kan vi få skilnader frå ulike synsvinklar. Ein slik kjeldetriangulering, det vil si bruk av fleire metodar for å belyse problemstillinga, vil styrkje kvaliteten til dei data vi har samla inn og til rapportens kvalitet (validitet). Desse metodane for datainnhenting gjer oss eit meir samansett og breiare innblikk i røyndomen (RSK 001, Knudtzon og Amundsen 2006).

Det ble gjort eit oppstartsmøte til prosjektet 14. april 2021 med kommunedirektør, økonomisjef, kommunalsjef teknisk sektor og seniorrådgivar på økonomi. Vi har hatt kontinuerleg korrespondanse med kommunen gjennom heile prosjektet.

REKNESKAP OG STIKKPRØVEKONTROLL

Det er utført stikkprøvekontroll på anskaffingar basert på gjennomgang av rekneskap. Stikkprøva består av eit utval av 18 kontoar for kontroll opp mot bruk av inngåtte rammeavtalar. I tillegg er det vald ut 14 anskaffingar/investeringsprosjekt over kr 100 000 ekskl. mva. for kontroll opp mot valde revisjonskriterier.

DOKUMENTANALYSE

Av skriftlege dokument har vi gjennomgått:

- Statistikk e-handel
- Oversikt over rammeavtaler i Excel
- Eigenrapportering av lønns- og arbeidsvilkår
- Innkjøpspolitikk
- Innkjøpsstrategi (under arbeid, som skal erstatte innkjøpspolitikk)
- Internkontroll av innkjøp til oktober 2020 – notat sendt driftseiningsleiar
- Leverandørstatistikk 2018-2020 pr. 25.02.21
- Leverandørstatistikk 2018-2020 pr. 25.11.20
- Skriv om opplæring innan innkjøp
- Prosedyre – kontroll av lønns- og arbeidsvilkår 1
- Sjekkliste – kontroll av lønns- og arbeidsvilkår stadleg kontroll 2
- Rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtaler

SPØRJEUNDERSØKING

Vi sendte ut ein spørjeundersøking til 75 tilsette med innkjøp-/bestilleransvar i Sula kommune. Kommunen si administrasjon vart orientert om spørjeundersøkinga, og fekk høve til å gje

tilbakemelding på spørsmåla før den ble sendt ut. For å vise at undersøkinga var forankra i kommuneleiinga, og for å gje eit betre svarresultat, ga innkjøpskontakt i kommunen beskjed til dei tilsette om at det skulle kome ein undersøking. Det ble sendt ut purring etter ei veke og etter 17 dagar. Fordi vi fekk færre svar enn ønskja dei første vekene, spurde vi om hjelp frå innkjøpsavdelinga i kommunen. Det ble da sendt ut ein ny e-post med oppfordring til å svare ut undersøkinga. Etter at spørjeundersøkinga vart sendt ut ønskja vi å inkludere også dei tilsette med godkjenneransvar då også dei kanskje gjer innkjøp i kommunen. Undersøkinga ble deretter sendt ut til ytterlegare 22 tilsette. Desse fekk purring etter ei veke.

Spørjeundersøkinga var anonym, og vi kan ikkje sjå kven som har svart. Ein av respondentane hadde ein e-post som ble avvist. Resterande ikkje-svart kan vere fordi tilsette ikkje ønskjer å delta på undersøkinga, eller at dei ikkje har motteke/sett e-posten som er send ut.

På enkelte spørsmål er det eit fråfall på 1-2 respondentar. Det kan vere at dei har hoppa over spørsmål eller ikkje ønska å svare.

Totalt var det 59 tilsette som svarte på spørjeundersøkinga, noko som utgjer 63% av dei inviterte. Det vart sendt ut fleire purringar for å auke svarprosenten. Det hadde vært ønskeleg med fleire svar, men vi meiner likevel at svarprosenten kan gje nyttig informasjon om kva slags meiningar og erfaring majoriteten av dei tilsette har til dei tema som vart tatt opp.

Spørsmål frå spørjeundersøkinga ligg i vedlegg 3.

1.6 OVERSIKT OVER TERSKELVERDIAR

I utgangspunktet er det tre terskelverdiar som gjeld for offentlege anskaffingar. Dei avgjer kva slags reglar som gjeld for anskaffinga. I forskrifta for anskaffingar er det tre type terskelverdiar som gjer seg gjeldande:

1. 100 000 kr ekskl. mva. Dette er innslagspunktet for når forskriftas bestemming skal bli anvendt.
2. 1 300 000 kr ekskl. mva. Dette er den nasjonale terskelverdien. Anskaffingar som er lik eller overstig denne verdien må følgje bestemminga til forskifta³.
3. Den tredje type terskelverdi er EØS-terskelverdiane⁴.

Oppdragsgjevar plikter å foreta ein berekning av verdien på kontraktane på grunnlag av eit anslag over den samlande betalinga ekskl. mva. Berekninga skal vere forsvarleg på det tidspunktet oppdragsgjevar innleiar anskaffingsprosessen.

³ Bestemmingar i del II i forskrifta.


⁴ Sjå vedlegg s. 5

Oppdragsgjevar skal vurdere verdien for å kunne kome frem til om anskaffinga kjem under eller over dei aktuelle terskelverdiane, og for kunne fastslå kva slags reglar som gjeld for anskaffinga. Reglane for berekning av terskelverdiar gjeld både for EØS-verdiane og dei nasjonale terskelverdiane. Det er eit generelt forbod mot å dele opp anskaffingar i den hensikt å unngå at bestemmingane i lovverket kjem til bruk.

Oppdragsgjevar må foreta eit forsvarleg skjønn ved berekning av verdien på anskaffinga. Viss tilboda likevel skulle vise seg å ligge over terskelverdiane, er ikkje dette avgjerande viss oppdragsgjevar har handla forsvarleg i forkant.

For anskaffingar over ein verdi av kr 500 000 ekskl. mva. plikter alle norske leverandørar å levere skatteattest jamfør lovens § 7-2.

Ein protokoll for anskaffingar skal angi alle vesentlege forhold knytt til anskaffingar, med ~~anna~~ grunngjeving for dei ulike val som blir gjort i anskaffingsprosessen. Det skal også opplysast om kven som har førespurt om å få delta i konkurransen og kven som er vald med grunngjeving. Det skal stå kven som har gjeve tilbod, kven som eventuelt har vorte avvist eller har fått sitt tilbod forkasta med grunngjeving, samd namn på vald leverandør med grunngjeving for valet.



Oversikt over terskelverdiane er i vedlegg 4.

2. TILTAK FOR ETTERLEVELSE AV REGELVERK

Den første problemstillinga vi undersøker er: *Har Sula sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?*

2.1 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier som kommunen er vurdert mot er:

- Sula kommune bør ha eit reglement som omhandlar ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
- Sula kommune bør ivareta at tilsette med bestillerfunksjon får opplæring i reglar og rutinar for innkjøp og anskaffingar.
- Sula kommune skal ha kontrolltiltak som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar.

Revisjonskriterier er greidd ut i vedlegg 2.

2.2 FUNN

OPPGÅVE- OG ANSVARFORDELING, MÅL, FORVENTNINGAR OG STRATEGI FOR INNKJØP

Kommunen har ikkje ein eigen innkjøpsavdeling, men det er tilsett ein innkjøpsrådgjevar i kommunen. Sula kommunen er med i innkjøpssamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune, og består av 14 kommunar på Sunnmøre. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar. På nettsida til Ålesund kommune står det at samarbeidskommunane får tilbod om å delta på innkjøpssamarbeidet sine rammeavtalar, og at dei får rådgiving i innkjøpsfaglege spørsmål (Ålesund kommune 2021).

Sula kommune har ein innkjøpspolitikk med felles retningslinjer som vart vedteke av kommunestyret i mars 2021. Dei utarbeider no ein innkjøpsstrategi som skal erstatte innkjøpspolitikken i 2022/2023. Vi har fått eit eksemplar av innkjøpsstrategien. I strategien står det at den skal

legge grunnlag for einsarta gjennomføring, tenking og åtferd i samband med kjøp av varer, tenester, bygg og anlegg. På denne måten skal strategien bidra til at Sula kommune kan nå sine mål på grunnlag av politiske vedtak og gjennom administrasjonen sitt verke. [...]

Hovudmål og delmål i ny strategi er basert på dei krav og fokusområde som går fram av regelverket for offentlege innkjøp, politiske føringar, og satsings- og forbettringspotensiale på innkjøpsområde. Kommunen sine innkjøp skal utførast

profesjonelt og effektivt i oppfølginga av kommunen sitt samfunnsoppdrag. Kommunen skal vere ein attraktiv kunde og samarbeidspartnar.

Strategien har oversikt over ulike delmål og kva slags tiltak som må til for å nå desse måla.

Sula kommune har sendt oss ein oversikt over kven som har innkjøp- og bestilleransvar i kommunen. Det er 75 personar i kommunen som har dette. I tillegg har dei som godkjenner bestillingane innkjøpsfunksjon, og dette gjeld 19 tilsette. Alle desse fekk tilsendt ein spørjeundersøking med spørsmål om innkjøp og anskaffingar i kommunen.

I spørjeundersøkinga svarar nesten 90% av respondentane at dei kjenner til Sula kommune sitt innkjøpsreglement. 73% veit kor dei finn innkjøpsreglementet.


Dei fleste (75%) svarar *nei* eller *vet ikkje* på spørsmål om fullmakta til å gjere innkjøp er delegert skrifteleg. Halvparten av respondentane veit ikkje om det følgjer med ein beløpsgrense til fullmakta. 27% svarar at det ikkje gjer det og 20% seier at det følgjer med ein beløpsgrense på fullmakta.

OPPLÆRING OG KOMPETANSE HOS INNKJØPER

I eit skriv opplyser Sula kommune at dei får tilbud om kurs og mindre opplæring frå Ålesund kommune. Ved behov bruk dei innkjøpskompetansen som sit der. Det er kontaktpersonen på innkjøp i kommunen som informerer om kurs og opplæring. Det blir også sendt ut tilbud om kurs og opplæring til einingsleiarar på drift. Spesielt gjeld dette teknisk avdeling som gjer mest av anskaffingar. Kommunen får også tilbud om kurs gjennom deira si samarbeidspartnar Odin Prosjekt (2021). Odin Prosjekt leverer prosesstøtte innan offentlege anskaffingar. I tillegg får dei bistand frå ein jurist frå advokatfirmaet Judicia (2021) i dei tilfella dei er usikre på reglane.

Opplæring innan bruk og bestilling i e-handel i Visma blir i følge kommunen gitt til alle som får denne oppgåva. Dei tilsette har gjennom spørjeundersøkinga fått høve til å gje tilbakemelding på eigenopplevd opplæring og kompetanse. Dei fleste tilsette (70%) gjer uttrykk for at dei er noko kjent med regelverket for offentlege anskaffingar. 24% seier dei ikkje er godt kjend med regelverket. Dei resterande 7% seier at dei er godt kjend med regelverket.

Dei tilsette rangerar sin eigen kunnskap om innkjøp/ offentlege anskaffingar midt på treet:



Tabell 1: Dei tilsette si eigenvurdering av kunnskap om innkjøp og offentlege anskaffingar.

Dei fleste tilsette (39 personar) svarar at dei har noko kunnskap om innkjøp/ offentlege anskaffingar. 13 tilsette (22%) seier dei har god kunnskap, og 8 tilsette (10%) seier dei har liten kunnskap om temaet.

Dei tilsette fekk også spørsmål om i kva slags grad dei synst dei har *tilstrekkeleg* kunnskap om innkjøp og offentlege anskaffingar. Dei fleste, 65% (noko som utgjør 38 personar), meiner at dei i nokon grad har tilstrekkeleg kunnskap om temaet. 24% (14 tilsette) seier at dei i liten grad har tilstrekkeleg kunnskap om temaet, og 12% (7 personar) seier dei har i stor grad har tilstrekkeleg kunnskap.

På spørsmål om dei har tilgang til nødvendig støtte frå innkjøpssjef eller andre ressursar når dei har spørsmål om rutinar og regelverk for innkjøp og offentlege anskaffingar, svarar dei fleste (66%, altså 39 tilsette) at dei alltid har dette, og 25% at dei har det nokon gonger (15 personar).

I spørjeundersøkinga svarte dei fleste tilsette (78%, 46 personar) at dei *ikkje* har fått tilbod om kurs eller annan opplæring innanfor innkjøp/offentlege anskaffingar.

I kommentarfeltet i spørjeundersøkinga er det også nokon tilsette som etterlyser meir opplæring og informasjon om rammeavtalar, e-handel og innkjøp og anskaffingar generelt.

KONTROLLTILTAK

Vi har motteke rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtalar som Sula kommune har iverksett for driftseiningane og på økonomi. Der står det skissert kva det må passast på når det kjem til innkjøp innanfor reglement, at innkjøp ikkje er av ein slik størrelse at det går ut over rammeavtalane, at dei ikkje er i strid med rammeavtalane, og at nødvendige kjøp som er i strid med rammeavtalar må dokumenterast skriftleg i programmet for dokumenthandtering, ACOS.

I tillegg står det at nye rammeavtalar førast inn i verktøyet for konkurransegjennomføring Mercell Tendsign KGV, og at det vert varsla 6 månader før avtalene går ut. Eit skriftleg varsel sendes til driftseiningsleiar, kommunalsjef og kommunedirektør. Kvar månad skal det takast ut lister over leverandørkjøp dei 3 siste åra. I følgje kommuneleiinga blir dette som regel gjort. Finn ein kjøp utan avtale, kjøp utover avtale eller ein ser at det kan vere fare for kjøp utover avtalen skal driftseiningsleiar, kommunalsjef og kommunedirektør varslast skriftleg. Listene skal også sendast til teknisk og eigedom.

I rutinane står det at ein slik gjennomgang vil i dei fleste høve ikkje avsløre feil før dei er gjort, men at ein då får stansa ytterlegare innkjøp. Kommunen skriv at det er spesielt vanskeleg i dei høve ein har ein kombinasjon av kjøp etter rammeavtale og avtale på enkelt prosjekt. Vi har fått tilsend to uttak av leverandørstatistikk som viser kva som er kjøpt inn på leverandør dei 3 siste åra. Vi har også fått tilsendt eit internt notat over internkontroll av innkjøp til oktober 2020 der det går frem spørsmål om kor mykje kommunen har brukt av ramma i kontraktperioden for elektrotjenester.

Kommunen har også rutinar når driftseiningane kjøper inn på eigenhand. I rutinane står det at:

større innkjøp skal registrerast i programmet Tendsign KGV. Det skal leggjast inn varsel dersom dette er ein rammeavtale. Mindre innkjøp og all korrespondanse skal arkiverast saman med ein innkjøpsprotokoll. Med mindre innkjøp er kjøp under nasjonalterskelverdi. Ein skal alltid ha ein konkurranse med minimum tre tilbydar. Dersom berre ein tilbydar vert spurt må ein argumentere for dette i eit notat. Er ein usikker – ta kontakt med innkjøp.

Innhenta informasjon viser at det er etablert praksis med at attestasjon og anvisning blir gjort gjennom Visma Enterprise. Det sikrar at innkjøp og anskaffingar blir kontrollert av ein annan tilsett enn den som føretok innkjøpet eller bestillinga. Kommunen seier at dei har skriftleg delegeringsreglement i økonomireglement og eit skjema med oversikt over kven som har bestilleransvar og kven som skal attestere på innkjøpa. I følgje kommunen har det ikkje vore behov for ein beløpsgrense til fullmakta.

Kommunen har send oss eit eigenrapporterings skjema av lønns- og arbeidsvilkår som dei bruker som ein del av avtaleoppfølginga. Denne skal sendes til oppdragsgjevar innan ein månad etter at avtaleperioden har starta, og skal fyllast ut av leverandør om lønns- og arbeidsvilkår i verksemd, om tilsette i eigen verksemd og underleverandørar.

I spørjeundersøkinga fekk dei tilsette spørsmål om innkjøpa dei gjer kontrollerast av ein annan tilsett i kommunen. 80% av dei spurde svarar at dette alltid blir kontrollert av ein annan tilsett, og 14% svarar at dette blir kontrollert nokon gangar. Ein person (noko som utgjer 2%) svarar at dette aldri blir kontrollert, og 5% (3 personar) veit ikkje.

2.3 VURDERING FRÅ REVISOR

Vi har undersøkt korleis Sula kommune har organisert arbeidet, og kva slags kontrollrutinar som er etablert for sikre at regelverk blir etterlevd. Revisjonskriterier som kommunen er vurdert mot er:

Sula kommune bør ha eit reglement som omhandlar ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.

Vi vurderer at kommunen oppfyller dette revisjonskriteriet, men at det er nokre områder til forbetring.

På innkjøpsområdet kan det vere ein fordel om det finns ein skriftleg strategi for anskaffingar som klargjer ansvarsområde, oppgåver og kompetansebehov til tilsette med bestillarfunksjon. Ein slik strategi kan også innehalde ei skildring av korleis innkjøp og anskaffingar skal gjerast etter dei ulike delane i regelverket, i tillegg til rutinar for å forebygge, avdekke og rette opp avvik frå regelverket (ks.no). Sula kommune har ein innkjøpspolitikk og er no i ferd med å utvikle ein innkjøpsstrategi som skal erstatte denne i 2022/2023. Strategien inneheld mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar. Vi meiner at det er positivt at denne innkjøpsstrategien er under arbeid, og at denne inneheld gode mål og tiltak som skal teke vare på innkjøpsprosessane i kommunen.

Liste frå kommunen viser at det er 94 personar i kommunen som har innkjøpsfunksjon. Dei aller fleste (90%) seier de kjenner til Sula kommune sitt innkjøpsreglement, og 73% veit kor dei finn dette reglementet. Vi meiner det er positivt at dei tilsette har kjennskap til reglementet, men at det kan tyde på at nokre burde fått meir informasjon om kor dei finn det.

I spørjeundersøkinga svarar dei fleste tilsette (75%) *nei* eller *veit ikkje* på spørsmål om fullmakta deira til å gjere innkjøp er delegert skrifteleg. Om lag ein fjerdedel seier at fullmakta deira *er* delegert skrifteleg.

Svara vi har fått frå spørjeundersøkinga viser at det er noko uklarheit til om fullmakta er delegert skriftleg eller om det følgjer med ein beløpsgrense til den. Det kan vere uheldig at dei som gjer innkjøp ikkje veit eller ikkje har blitt informert om kva slags avgrensing som ligg til fullmakta. For å unngå usikkerheit når det kjem til prosessar innanfor innkjøp- og anskaffingar, meiner vi dette er eit forhold som med fordel kan avklarast for alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen. Vi meiner at uklarheiter rundt kva fullmakta inneheld av ansvar, kva dei har av pliktar og eventuelt beløpsgrense for det enkelte innkjøp bør presiserast overfor alle med innkjøpsfullmakt i kommunen.

I innkjøpspolitikken kommunen har som skal erstattast av innkjøpspolitikken, står det om ansvar og fullmakter under §3. Vi meiner at Sula kommune også bør inkludere ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling i den nye innkjøpsstrategien for å ivareta dei eventuelle uklarheiter blant dei tilsette.

Sula kommune bør ivareta at tilsette med bestillerfunksjon får opplæring i reglar og rutinar for innkjøp og anskaffingar. Vi vurderer dette revisjonskriteriet som delvis oppfylt.

Sula kommune får tilbod om kurs og mindre opplæring frå Ålesund kommune, og dei bruker kompetansen der ved behov. Kommunen har ein kontaktperson på innkjøp som informerer om kurs og opplæring, og det blir sendt ut tilbod om kurs og opplæring til einingsleiarar på drift. Spesielt gjeld dette teknisk avdeling som gjer mest av anskaffingar. Kommunen får tilbod om kurs gjennom samarbeidspartner Odin Prosjekt, og bistand frå ein jurist frå advokatfirmaet Judicia i dei tilfella dei er usikre på reglane.

I spørjeundersøkinga svarar majoriteten av dei tilsette at dei er kjend med regelverket for offentlege anskaffingar, men at det er om lag ein fjerdedel som seier dei ikkje er godt kjend med regelverket

eller at dei ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om temaet. Ut i frå dette meiner vi at Sula kommune må ivareta at alle som gjer innkjøp og anskaffingar får nødvendig opplæring som gir tilstrekkeleg kunnskap innanfor området. Vi meiner det er positivt at mange av dei tilsette seier at dei har støtte frå innkjøpssjef eller andre ressursar når dei treng det.

I spørjeundersøkinga svarte dei fleste tilsette (78%) at dei *ikkje* har fått tilbod om kurs eller annan opplæring innanfor innkjøp/offentlege anskaffingar. Vi vurderer det som at kommunen har iverksett system og rutinar innanfor opplæringstiltak, men at det i følgje dei tilsette er behov for meir opplæring eller informasjon på innkjøpsområdet.

Sula kommune skal ha kontrolltiltak som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar.

Med bakgrunn i våre funn meiner vi at kommunen stort sett fyller krava i dette revisjonskriteriet.

Våre undersøkingar viser at Sula kommune har innført rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtalar. Vi har også observert at kommunen har eit stort fokus på korleis gjennomføring av innkjøp og avtalar blir gjort, og vårt inntrykk er at dette ofte er på agendaen i kommunen. Dette vurderer vi som positivt.

Av kontrollrutinar kommunen har, er det med anna rutinar som skal følgje opp at bruken av rammeavtalane ikkje overskride ramma. Dei har også etablert rutinar for å følgje opp lønns- og arbeidsvilkår.

For å avdekke, hindre og rette opp avvik, er det også viktig at dei innkjøp og anskaffingar som blir gjort, kontrollerast av ein annan tilsett i kommunen enn den som gjer innkjøpet. Dette bør gjerast for å kvalitetssikre at innkjøpa er reelle og i tråd med avtalar og bestillingsfullmakt, og for å redusere risikoen for ubevisste eller bevisste feil, kameraderi og korrupsjon.

I spørjeundersøkinga svarar 80% av dei tilsette at innkjøpa dei gjer alltid kontrollerast av ein annan tilsett i kommunen. 14% svarar at dette blir kontrollert nokon gangar. Nokon få svarar at det ikkje blir kontrollert/at dei ikkje veit. Desse kontrolltiltaka vil kunne ha ein påverknad på å avdekke feil som er i ferd med å skje.

Gode rutinar for gjennomføring av attestasjon og anvisning kan bidra til at avvik eller feil kan forebyggast og avdekkast, samtidig som det gjer ei moglegheit for at avvik eller feil i førebuing med føretatte innkjøp og anskaffingar kan rettas opp. I tillegg vil det være viktig for dei som gjer innkjøp og anskaffingar at dei har støtte frå andre tilsette eller leiarar i den grad det er nødvendig i spørsmål og vurderingar som kan være utfordrande i prosessen for innkjøp eller anskaffingar. Dei fleste tilsette som gjer innkjøp svarer at dei har støtte internt om dei har spørsmål om rutinar eller regelverk. Vi synst det er positivt at dei tilsette lærer ved å spørje og får støtte frå andre i prosessen.

Kommunen seier at dei har skrifteleg delegeringsreglement i økonomireglement og eit skjema med oversikt over kven som har bestilleransvar og kven som skal attestere på innkjøpa. I følgje kommunen har det ikkje vore behov for ein beløpsgrense til fullmakta.

Kommunen kan vurdere om det er behov for at det skal kontrollerast at delegert innkjøpsfullmakt blir følgd av eit skrifteleg vedtak om kva slags forhold fullmakta gjeld for, om det følgjer ein beløpsgrense med fullmakta, og at det utdypast nærare kva slags ansvar attestasjonsmynda inneber.

Dette er viktig for å kontrollere at innkjøpet og anskaffinga er korrekt ut i frå avtalar og pris, og som ei forsikring som kan bidra til å motverke kameraderi og korrupsjon. Det same gjeld tilsette med fullmakt til å anvisa.

Vi meiner at rutinane kommunen har innført, og haldninga dei har til prosessar og regelverk innafør innkjøp og offentlege anskaffingar, gjev kommunen høve til å ha god kontroll som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik.

3 ANSKAFFINGAR ETTER REGELVERKET

3.1 PROBLEMSTILLING

Den andre problemstillinga vi undersøker er: *Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?*

Under denne problemstillinga vil vi sjå på om anskaffingar som er gjort i 2020 og fram til mai i 2021 er utsett for konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin⁵, om skatteattest er innhenta, og at det er skreve protokoll for anskaffingar.

3.2 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier kommunen vurderast opp mot:

- Sula kommune skal sikre at kvar anskaffing så langt det er mogleg er basert på konkurranse.
- Sula kommune skal sikre at anskaffing til ein verdi av over kr. 1 300 000 ekskl. mva. blir kunngjort på Doffin.no.
- Sula kommune skal innhente skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.
- Sula kommune skal utarbeide ein protokoll for innkjøp og anskaffing i dei tilfelle det er krav om dokumentasjonsplikt.

Revisjonskriterier er greidd ut i vedlegg 2.

3.3 FUNN

ANSKAFFELSER BASERT PÅ KONKURRANSE

Sula kommune brukar Visma TendSign som konkurransegjennomførings-verktøy. Verktøyet er tilpassa Lov om offentlege anskaffingar og tilhøyrande forskrift og er integrert med database for offentlege anskaffingar (Doffin). Verktøyet legg til rette for heil-elektronisk gjennomføring av alle typar kunngjeringar, og skal nyttast til alle anskaffingar over nasjonal terskelverdi.

Leverandørar kan opprette gratis brukarprofil i Visma TendSign, og ein blir automatisk dirigert til verktøyet når ein brukar påmeldingsknappen i kunngjeringa på Doffin (Ålesund kommune 2021).

⁵ Den nasjonale kunngjøringsdatabasen for offentlige anskaffelser: www.doffin.no

Søk på heimesida til klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA), har resultert i treff på Ålesundregionens havnevesen, som er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Ålesund, Giske og Sula. På KOFA står det følgjande: «Innklagede inngikk 1. november 2018 en avtale om planering, masseflytting og utfylling på området Flatholmen Nord i Ålesund kommune. Klager anførte at avtalen var en ulovlig direkte anskaffelse. Klagers anførsel førte ikke frem».

Det er ikkje andre saker som kommunen har vore innklaga for klageorganet i løpet av den perioden denne undersøkinga gjeld for.

I spørjeundersøkinga er det 9 tilsette (15%) som seier at dei har gjort innkjøp i kommunen på inntil kr 100 000 på eit område kor det ikkje er inngått rammeavtale. Tre personar seier dei ikkje veit, og 47 personar (80%) svarar nei på dette spørsmålet. Av dei 9 som har gjort innkjøp på inntil kr 100 000 svarar ein at ho eller han kjøpte direkte frå leverandør, to personar svarar at dei innhenta tilbod frå ein leverandør, 5 personar svarar at dei innhenta tilbod frå fleire leverandørar, og ein svarte at innkjøpa ble gjort på ein «anna» måte. På spørsmål på korleis dei dokumenterte innkjøpa, svarar 6 at dei skrev eit notat i saksbehandlingssystemet, ein utarbeida protokoll for anskaffinga, og to svarte at dei dokumenterte på «anna» måte.

Det er 4 personar som seier dei har gjort innkjøp med ein kostnad på mellom kr 100 000 og 1 300 000 på områdar det ikkje er inngått rammeavtale. 3 personar seier at kjøpa vart gjort ved å hente inn tilbod frå fleire leverandørar, og ein kjøpte direkte frå leverandør. 3 personar skriv at dei dokumenterte innkjøpet med eit notat i saksbehandlingssystemet, og ein skrev protokoll for anskaffinga.

Det er ein tilsett som har gjort innkjøp på ein verdi på over kr 1 300 000 på eit område der det ikkje er inngått rammeavtale. Den tilsette kunngjorde konkurranse på Doffin og skrev eit notat i saksbehandlingssystemet.

KUNNGJERING PÅ DOFFIN OG INNHENTING AV SKATTEATTEST

Anskaffingar over nasjonal terskelverdi blir lagt ut på nettstaden Doffin for å sikre konkurranse om oppdraga. Vi har vore inne på nettstaden og observert at det er over 60 utlysingar i 2020 og fram til juni 2021. Alle investeringsprosjekt over nasjonal terskelverdi vi har førespurt om har vært utlyst på Doffin. Vi har fått tilsend skatteattest for norske tilbydarar der prosjektet har ein verdi på over kr 500 000 ekskl. mva.

Vi spurde om dokumentasjon frå 14 investeringar over kr 100 000 i Sula kommune frå 2020 og hittil i 2021⁶. Mange av desse var avrop frå rammeavtalen, og det er derfor ein avgrensa mengde investeringsprosjekt i perioden denne undersøkinga teke føre seg:

⁶ Sjå alle prosjekta i tabell i vedlegg 5.

| Prosjekt | Beløp | Budsjett hittil | Gjennomført konkurranse | Skatteattest | Protokoll for anskaffinga |
|--|--|------------------------------|---|---|--|
| I1401 Utviding av kyrkjegard | 286 304,30 (2021) 128 056,53 (2020) | 4 800 000 - | Utlysning på Doffin | Innhenta skatteattest | Protokoll for anskaffing er utarbeidd |
| I5131 Rørstadmarka skule ⁷ | 37 151 619,30 (2021) 11 838 627,04 (2020) | 35 000 000 13 217 173 | Utlysning på Doffin og TED | Innhenta skatteattest | Protokoll for anskaffing er utarbeidd |
| I5133 Rørstadmarka fleirbrukshall | - (2021) - (2020) | 13 000 000 5 199 999,60 | | | |
| I5135 Rørstadmarka sti og gang | 605 943,41 1 162 830,18 | 3 673 714,15 1 200 000,20 | Utlysning på Doffin og TED | Innhenta skatteattest | Protokoll for anskaffing er utarbeidd |
| I5150 Jetmundgarden boliger (2020) | 869 143,21 | 1 360 000 | Begrenset tilbuds konkurranse. Utlyst på Doffin (frist 04.06.2021) | Ikkje mottatt skatteattest pr. 25.06.21 | Mottatt avrop skjema frå rammeavtale. |
| I6009 Forprosjekt renseanlegg (Kvasnes) (2020) | 3 318 121,58 (2020) | 6 666 667 | Utlysning på Doffin og TED | Innhenta skatteattest. | Protokoll for anskaffing er utarbeidd. |
| I6113 Fortau Legane | 541 945,40 (2021) 698 383 (2020) | 1 500 000 - | Begrenset tilbuds konkurranse. Prosjekt skal lysast ut i sommar. | Ikkje innhenta skatteattest. | Mottatt dokumentasjon på innhenting av tilbod og val av leverandør, men ikkje protokoll for anskaffinga. |

Tabell 2: Investeringar for Sula kommune i 2020 og 2021 utvald for gjennomgang.

På fire av prosjekta er det utlyst konkurranse, innhenta skatteattest og skrevet protokoll for anskaffinga. Når det kjem til I5150 Jetmundgarden boliger har det vore gjennomført ein begrensa tilbuds konkurranse, og det er lyst ut prosjekt på Doffin med frist 4. juni. Vi har ikkje mottatt skatteattest, og det er ikkje opplyst om kor stor verdi det er på oppdraget.

På prosjekt I6113 Fortau Legane har det også vore gjennomført ein begrensa tilbuds konkurranse. Prosjektat skal lysast ut i sommar. Det er ikkje innhenta skatteattest. Vi har mottatt dokumentasjon på innhenting av tilbod og val av leverandør, men vi har ikkje mottatt anna type protokoll for anskaffinga.

⁷ Prosjekt 5131 og 5133 er samme prosjekt.

På nokre av uttrekka våre frå rekneskapen spurde vi om tilbakemelding på status i prosjektet og om nokre av dei vart teken via rammeavtalane. Desse prosjekta gjeld avrop frå rammeavtalar eller prosjekt som har endra status:

| Prosjekt | Beløp | Budsjett hittil | Kommentar |
|---------------------------------------|--|-----------------|---|
| I5151 Ombygging Sulatunet (2020) | 1 567 914,40 | | Brukt rammeavtalar. Maling: Malermester Bjørnøy AS, Tømrer: Peab Nordang og Byggmester Frode Sunde, Elektro: HM Elektro AS. Interiør: EFG Norway AS. |
| I5158 Prosjekt omsorgsbustadar (2020) | - | 2 800 000 | Riveprosjekt stoppa på grunn av undersøking på verneverdig status. Skal byggjast nye omsorgsbustadar i løpet av dei neste åra – det blir då utlyst konkurranse. Det er brukt noko midlar på riving i 2021, i hovudsak Møre miljøsanering som det i følgje kommunen har vore gjennomført konkurranse på. |
| I5163 Rådhuset. Nytt møterom (2020) | 365 510,65 | 400 000 | Brukt rammeavtalar. Elektro: HM Elektro AS, Møbler: EFG Norway, Byggmontering: Møre AS på foldevegg. Her vart det innhenta tilbod på 3 veggjar samtidig for Sula Rådhus, Måseide Barnehage og Molvær Barnehage. I henhold til innhenta tilbod. Mottatt protokoll. |
| I5167 Sulahallen. Nytt dekke i (2020) | 658 635,83 | 420 000 | Prosjekt utført gjennom rammeavtale med Malermester Bjørnøy AS. |
| I6105 Vassmålar soneinndeling (2020) | 891 880,90 | 1 500 000 | Mottatt 3 stk. avrop med Hole Maskiner AS. Resten av forbruket er stort sett innkjøp frå Ahlsell, Br. Ulvestad (Betong kummar), HM Elektro, IPJ (leverandør av SD anlegg) og Zenith Elektro AS. Midlertidig rammeavtale i påvente av ny rammeavtale. |
| I6119 Trømyra overvatn (2020) | 2 507 057,19 | - | 1 stk. Avrop mottatt på veg og overvatn. Rammeavtale. |
| I6128 P7 Valen pumpestasjon | 449 938,41 (2021) 278 598,82 (2020) | - 600 000 | 1 stk. Avrop mottatt. Midlertidig rammeavtale i påvente av ny rammeavtale. |

3.4 VURDERING FRÅ REVISOR

Under denne problemstillinga har vi sett på om anskaffingar som er gjort i 2020 og fram til mai i 2021 er utsett for konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin⁸, om skatteattest er innhenta, og at det er skreve protokoll for anskaffingar.

Sula kommune skal sikre at kvar anskaffing så langt det er mogleg er basert på konkurranse.

Sula kommune skal sikre at anskaffing til ein verdi av over kr. 1 300 000 ekskl. mva. blir kunngjort på Doffin.no.

Sula kommune skal innhente skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.

⁸ Den nasjonale kunngjøringsdatabasen for offentlige anskaffelser: www.doffin.no

Sula kommune skal utarbeide ein protokoll for innkjøp og anskaffing i dei tilfelle det er krav om dokumentasjonsplikt.

Ut i frå dei opplysningar vi har innhenta, vurderer vi desse som i stor grad oppfylt med nokon unntak.

Sula kommune brukar Visma TendSign som konkurransegjennomførings-verktøy, og vi har inntrykk av at dette er eit godt etablert verktøy for kommunen. I innkjøpsstrategien som er under arbeid står det at innkjøp skal gjennomførast etter lovverket, og på kva slags måte dette skal gjerast på. Vi meiner dette er eit godt arbeidsverktøy for kommunen for å sikre at alle får lik og god informasjon om kva som ligg i ein anskaffing, og korleis lovverket skal følgast.

I spørjeundersøkinga er det nokon tilsette som seier at dei har gjort innkjøp på inntil 100 000 og over 100 000 til 1 300 000 ved å gjere direktekjøp frå ein leverandør eller at dei innhenta tilbod frå ein eller fleire leverandørar. Det er ein tilsett som skriv at det er gjort innkjøp over 100 000 til 1 300 000 ved å gjere direktekjøp frå leverandør. I dette tilfellet kan det dreie seg om ein direkte anskaffing som i utgangspunktet ikkje går over ens med lovverket. Innkjøp eller anskaffing direkte frå ein leverandør kan forklarast med at det berre er ein leverandør som kan levere det aktuelle produktet i marknaden, eller at det hastar med å gjennomføre innkjøpet eller anskaffinga slik at det ikkje er tid til å sende førespurnad om tilbod til fleire leverandørar. Viss ein ikkje skal følgje prinsippet om konkurranse er det viktig å dokumentere kva slags vurderingar som ligg til grunn for den valde måten for anskaffinga. Då vil det i ettertid vere mogleg å vurdere om innkjøpet ble gjort i tråd med regelverket. Vi har ikkje gått inn i dette spesifikke tilfellet og sjekka korleis anskaffinga ble gjort, då spørjeundersøkinga var anonym og vi ikkje kan sjå kven som har svart kva.

Vi spurde om dokumentasjon på 6 prosjekt som ikkje er omfatta av rammeavtalar. Vi har motteke skatteattestar og protokollar for anskaffingar for fire av investeringsprosjekta, og desse vurderer vi som godt utarbeidd og dokumentert. Sula kommune har i desse prosjekta lyst ut konkurransar på Doffin og TED i dei tilfella dette gjeld.

På to av prosjekta er det gjennomført ein begrensa tilbodskonkurranse med noko dokumentasjon. Det er på det eine prosjektet ikkje innhenta skatteattest, og vi har ikkje mottatt skatteattest på det andre prosjektet. Det er slik vi vurderer det også avgrensa utarbeidd protokoll for anskaffingane. Desse to har vore utlyst, eller skal utlysast i sommar, og vi meiner at det då må innhentast skatteattest og skrivast protokoll for anskaffinga.

Vi poengterer viktigheita av at prinsippet om konkurranse blir overhalde ovanfor alle som gjer innkjøp og anskaffingar, også i anskaffingar under kr 100 000 ekskl. mva. Prinsippa om god forretningsskikk og det grunnleggjande prinsippet om konkurranse i ein kvar anskaffing skal verte ivaretatt for alle innkjøp og anskaffingar uansett verdi.

På Doffin ligg det over 60 utlysingar for perioden denne forvaltningsrevisjonen teke føre seg. Dette meiner vi viser at kommunen bruker kunngjeringsdatabasen for offentlege anskaffingar i stor grad.

Kommunen har ikkje vore klaga inn for klageorganet KOFA i løpet av den perioden denne undersøkinga gjeld for.

4 RAMMEAVTALAR

4.1 PROBLEMSTILLING

Den siste problemstillinga som blir undersøkt er: *Nyttar Sula kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?*

4.2 REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier som kommunen er vurdert opp mot:

- Sula kommune skal ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtalar.
- Sula kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ein kvar tid gjeld.
- Sula kommune bør nytte e-handel der dette er tilrettelagt.

Revisjonskriterier er greidd ut i vedlegg 2.

4.3 FUNN

INNGÅTTE RAMMEAVTALAR

Sula kommune er deltakar i eit innkjøpssamarbeid på Sunnmøre som er leia av Konserninnkjøp. Innkjøpssamarbeidet består av 14 kommunar på Sunnmøre. På nettsida til Ålesund kommune står det at samarbeidskommunane får tilbod om å delta på deira si rammeavtalar, og får også rådgiving i innkjøpsfaglege spørsmål (Ålesund kommune 2021).

Sula kommune har 84 rammeavtalar med leverandørar av ulike varer og tenester⁹. 19 av desse er eigne inngåtte rammeavtalar, og resten er inngått av innkjøpssamarbeidet.

Informasjon om nye rammeavtalar blir informert ut til einingane, og kommunen har lagt ut informasjon om innkjøpsavtalar under eit program som alle tilsette med innkjøp- og bestilleransvar har tilgang til i kvalitetssikringssystemet «Risk Manager».

I spørjeundersøkinga vart dei tilsette spurde om dei har oversikt over dei rammeavtalane som kommunen har inngått. Majoriteten (83%, 49 personar) sa at dei har oversikt over nokre av rammeavtalane/ berre dei som er relevante for deira si tenesteområde. 17% (10 tilsette) sa at dei ikkje har oversikt over desse eller ikkje veit.

På spørsmål om dei veit kor dei kan finne oversikt over rammeavtalane som kommunen har inngått, svarar 64% (38 tilsette) ja, 35% (21 tilsette) nei/veit ikkje.

⁹ Sjå fullstendig oversikt over rammeavtalane i vedlegg 6.

Halvparten av dei tilsette seier dei *alltid* bruker rammeavtalar ved innkjøp og offentlege anskaffingar når slike avtalar føreligg, 24% seier dei *ofte* brukar dei, 14% seier *av og til*, og 5% seier dei *aldri* bruker avtalane.

BRUK AV RAMMEAVTALANE

Vi har gått gjennom utvalde konti på driftsregnskapet for 2020 og samanlikna dei opp mot brukte leverandørar, og leverandørane som skal nyttast i rammeavtalen. Dette viser kva slags leverandørar som er nytta ved innkjøp på dei ulike kontoane for drift.

| Konto/art | Kontonavn | Beløp, jfr lev.reskontr | Brukte leverandørar | Leverandør i rammeavtale |
|-----------|---|-------------------------|---|---|
| 11000 | Kontormateriell | 440 954 | EngrosAV FORM AS, BDUndervisning, Ødegaard Engros + fleire små | AV FORM AS, BSUndervisning, Ødegaard Engros |
| 11051 | Lærebøker | 845 345 | Bokklubben Barn, BS Undervisning | BS Undervisning |
| 11052 | Forbruksmateriell | 1 054 724 | AV FORM AS, Europris Butikkdrift, Lekolar + mange mindre, div | AV FORM AS |
| 11100 | Medisinske forbruksvarer | 601 660 | Abbot Rapid Diagnostics, Apotek 1, Helse Møre og Romsdal, Mediq Norge, Nippon Gases, One Med, Ødegaard Engros | Apotek 1, One Med, Ødegaard Engros |
| 11150 | Matvarer (m/MVA-komp) | 4 301 185 | AS Longvafisk, Bama, Brødrene Remø (Mange småkjøp lokalt) | Bama |
| 11202 | Verneutstyr og kledning | 439 837 | Ahlsell Norge, Sula bedriftsteneste. Tools AS | Ahlsell Norge, Sula bedriftsteneste |
| 11208 | Sjuepleieartikler | 206 124 | Apotek 1, OneMed, Ødegaard Engros | Apotek1, OneMed, Ødegaard Engros |
| 11209 | Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester | 4 053 750 | Ahlsell, Apotek 1, Atea, AV FORM, Br. Dahl, BS Undervisning, HM Elektro, One Med. AJ Produkter, Biltema, Coop Orkla Møre, J. Maske + andre mindre leverandørar. | Ahlsell, Apotek 1, Atea, AV FORM, Br. Dahl, BS Undervisning, HM Elektro, One Med, Ødegaard Engros, Sula bedriftsteneste |
| 11703 | Drivstogg/olje | 506 948 | Bunker Oil, YX Norge AS, mange mindre | Bunker Oil AS |
| 12000 | Inventar/utstyr | 1 622 431 | Atea AS, AV FORM AS, Grande interiør, Input Interiør AS, Milas, Termo Storkjøkken | Atea AS, AV FORM AS, Grande interiør |
| 12001 | IT-utstyr | 1 724 951 | Atea AS, HM Elektro, Elastisk, Elkjøp Ålesund | Atea AS, HM Elektro |
| 12301 | Kjøp av vedlikehold | 13 386 201 | HM Elektro, Hole Maskin, Lindset Entreprenør, Malemester Bjarøy, NCC Industry, Veidekke + andre med forholdsvis store kjøp. | HM Elektro, Malemester Bjarøy, NCC Industry |
| 12302 | Snøbrøyting | 1 002 256 | Blindheim maskin og Transport, Cementprodukt, HM Krogstad, Motorsenteret, Øyra Entreprenør | HM Krogstad, Motorsenteret, Øyra Entreprenør |
| 12500 | Materialer | 2 495 228 | Ahlsell Norge AS, Blindheim Maskin og Transport, Br. Dahl, Rørleggersentralen. Valderhaug Rørhandel | Ahlsell Norge. Br. Dahl |
| 12600 | Reinholdstenester | 6 978 619 | Sula bedriftstenester, Green Services AS, | Green Services, Sula Bedriftsteneste |
| 12700 | Kjøp av andre tenester | 8 602 743 | ART Arkitekter, AsPlan VIAK, Deloitte, Judicio AS, Mulitconsult + andre leverandørar | Judicio, AsPlan VIAK, Deloitte |
| 12701 | Vikarbyrå | 7 567 630 | Ambio Helse AS, CentriCare AS, Konstali Helsenor AS, Seie AS, Vacant Helse AS | Centri Care AS, Konstali Helsenor AS, Seie AS, Vacant Helse AS |
| 12705 | JURIDISK BISTAND | 551 416 | Judicia, Øvrebø-Gjørtz, andre | Judicia, Øvrebø-Gjørtz |

Tabell: Leverandørar brukt i samanheng med innkjøp på utvalde konti samanlikna opp mot rammeavtalar.

I tabellen og i driftsrekneskap kan vi sjå at rammeavtalane blir brukt ved dei største innkjøpa, men at mindre kjøp blir gjort hos andre leverandørar enn dei det er inngått rammeavtale med.

BRUK AV E-HANDEL

Kjøp gjennom rammeavtalane skal der det er tilrettelagt, gjerast gjennom elektronisk handel¹⁰. E-handel omfattar ikkje berre kjøp og sal av varar og tenester, men gjeld alle formar for handel. Mange av dei rammeavtalane som er inngått på vegne av Sula kommune ligg tilgjengeleg i innkjøpssystemet Visma e-handel. Vi har motteke statistikk over bruk av e-handel som viser kva slags varar som er kjøpt inn av kva slags eining og om det er preferert vare.

Opplæring innan bruk og bestilling i e-handel i Visma blir i følge kommunen gitt til alle som får denne oppgåva. 97% av dei tilsette seier dei er kjend med e-handel. Halvparten av dei tilsette seier dei har fått opplæring i e-handel, medan 36% seier dei ikkje har det og 14% ikkje veit/ikkje hugsar.

Det er uttrykt forventningar frå leiarnivå om at dei som bestillar eller gjer innkjøp i kommunen skal nytte seg av e-handel ved sine driftsinnkjøp. Dette gjenspeilast også i spørjeundersøkinga, der 67% av dei tilsette svarar at deira si leiar har gidd ei forventning om at dei skal bruke e-handel. 30% seier at leiar ikkje har uttrykt forventning om dette, eller at dei ikkje veit.

60% svarar at dei *alltid* nyttar e-handel når dette er mogleg, medan 19% svarar at dei *ofte* gjer det, 12% seier at dei *av og til* gjer det, og 7% seier dei *ikkje* gjer det.

Ni personar har gidd forklaringar på kvifor dei ikkje bruker e-handel. Dei seier at dei ikkje har god nok kunnskap om temaet, at det ikkje er tilrettelagt for e-handel, at dei sjeldan gjer innkjøp, at det er nokon andre på eininga som utfører bestillingane, av ulike grunnar vanskeleg å gjennomføre i praksis og at det er et tungvindt e-handelssystem.

Dei tilsette fekk høve til å gje tilbakemelding på kva som skal til for at dei skal bruke e-handel i større grad. På dette svarte dei opplæring, informasjon, relevans for det som skal bestillast, tilrettelegging og tilgang på varar.

4.4 VURDERING FRÅ REVISOR

Vi har i den siste problemstillinga sett på inngåtte rammeavtalar, bruken av desse, og innkjøp gjennom systemet elektronisk handel (e-handel).

¹⁰ Omgrep som famnar om alle formar for kommersielle transaksjonar og forretningsverksemd over elektroniske nett. Blir regulert av E-handelsloven (i kraft 1. juli 2003) som skal sikre fri evne til rørsle for e-handel mellom statane i EØS.

Sula kommune skal ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtalar.

Med bakgrunn i våre vurderingar vurderer vi dette revisjonskriteriet som oppfylt.

Innkjøpssamarbeidet har på vegne av Sula kommune inngått ein del rammeavtalar innanfor dei mest aktuelle varegruppene i kommunen. Dette er ein effektiv og kostnadssparande måte å gjennomføre innkjøp på, men noko som krev god struktur og planlegging.

Sula kommune har sjølv inngått rammeavtalar for kjøp av driftsmidlar og tenester på område dei i tillegg har stor bruk for, til dømes innanfor målearbeid, reinhald, transport og vintervedlikehald. Etablering av rammeavtalar følgjer anskaffingsreglane, noko som gjer tryggleik for at kjøp via slike avtalar blir gjennomført på korrekt måte.

Våre funn viser at Sula kommune har oversikt over rammeavtalane inngått av innkjøpssamarbeidet. Dei rammeavtalane Sula kommune sjølv har inngått skal også liggje lett tilgjengeleg for dei som skal foreta slike innkjøp. Dei fleste som har svart på spørjeundersøkinga svarer at dei har oversikt over dei rammeavtalene som kommunen har inngått som er relevante for deira si tenesteområde, eller veit kor dei finn oversikt over desse. Det er om lag 35% (21 tilsette) som seier at dei ikkje veit kor dei kan finne oversikt over rammeavtalane som kommunen har inngått.

Sula kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ein kvar tid gjeld.

Vi vurderer dette revisjonskriteriet som oppfylt.

Vi har gjennomgått eit utval konti på driftsrekneskapan for 2020 og frem til 1. mai i 2021, viser kva slags leverandørar som er nytta ved innkjøp på dei ulike driftskontoane. Våre undersøkingar visar at Sula kommune har fokus på å nytte dei inngåtte rammeavtalane, sjølv om vi også ser at andre leverandørar blir nytta til innkjøp av rammeavtalen sitt varespekter. Dei største kjøpa er via rammeavtalene, men at det er nokon kjøp som blir gjort utanom. Det kan være mange årsaker til dette, og vil til ein viss grad vere naturleg for å få den daglege drifta til å fungere. Årsaker kan vere tilgjengelegheit eller krav om hurtig leveranse. Ut i frå våre funn meiner vi at kommunen kan vurdere om å sjå på moglegheita for å inngå fleire rammeavtalar innanfor dei varegruppene det kjøpast mest frå.

Sula kommune bør nytte e-handel der dette er tilrettelagt.

Med bakgrunn i våre funn meiner vi at dette revisjonskriteriet er oppfylt.

Det er uttrykt forventning frå leiarnivå om at e-handel skal nyttast. I spørjeundersøkinga svarar om lag alle tilsette (97%) at dei er kjend med e-handel, men det er berre halvparten av dei som har svart som seier dei har fått opplæring i systemet.

Tilbakemeldingane frå dei tilsette er at dei fleste nyttar e-handel når det er mogleg, og at dei ønskjer opplæring og meir informasjon om systemet for at dei skal bruke det i større grad.

Våre undersøkingar visar at kommunen har tilrettelagt for bruk av e-handel, men at dei tilsette bør få meir tilbod om opplæring eller meir informasjon for å auke bruken av systemet.

5 KONKLUSJON

Vi har i denne forvaltningsrevisjonen sett på korleis Sula kommune har organisert arbeidet og kva slags rutinar for kontroll som er etablert for å sikre at regelverket blir etterlevd når det kjem til innkjøp og offentlege anskaffingar. Vi har i tillegg sett på om anskaffingar som er gjort i 2020 og frem til 1. mai 2021 er konkurranseutsett, at dei er kunngjort på Doffin, om skatteattest er innhenta, og om det er skreve protokoll for anskaffinga. Vi har i den siste problemstillinga sett på inngåtte rammeavtalar og bruken av desse, samd innkjøp gjennom systemet elektronisk handel (eHandel).

Har Sula kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?

Under denne problemstillinga har vi sett på kommunens skriftlege dokument, opplæring hjå tilsette og kva slags kontrolltiltak som er satt i verk.

Vi konkluderer med at kommunen har sett i verk tiltak for å sikre at regelverket blir følgt, og at det er nokon forbetningspunkt som kan auke dette ytterlegare.

Sula kommune har eit skriftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar, noko vi vurderer som positivt. Av forbetningsområde vil vi anbefale kommunen å inkludere ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling for å ivareta det som eventuelt er uklart blant dei tilsette i den nye innkjøpsstrategien som no utarbeidast. Vi meiner at kommunen også kan vurdere om det er hensiktsmessig å ha ein skrifteleg beløpsgrense til dei som har innkjøpsfullmakt.

Kommunen har tiltak og rutinar på opplæring, og tilbakemeldingar frå dei tilsette er at dei ønskjer meir kunnskap om temaet. Vi meiner at kommunen derfor med fordel kan vurdere å gi meir opplæring og informasjon på innkjøpsområdet til dei som har behov for det.

Sula kommune har også andre kontrolltiltak og rutinar som førebygger, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar. Vi konkluderer med at dei rutinane som er innført og den gode haldninga kommunen viser til innkjøp og anskaffingar gjer at dei har gode forutsetningar for å følgje regelverket på riktig måte.

Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?

Under denne problemstillinga har vi sett på om anskaffingar som er gjort i 2020 og frem til 1. mai 2021 er konkurranseutsett, om dei er kunngjort på Doffin, om skatteattest er innhenta, og om det er skreve protokoll for anskaffinga.

Vi konkluderer med at Sula kommune kjøper inn varer og tenester i samsvar med lov og regelverk i stor grad. Anskaffingar vi har sett på har blitt konkurranseutsett og kommunen brukar Doffin til sine utlysingar. Det er henta inn skatteattest og anskaffinga er skrifteleg dokumentert i ein protokoll i dei fleste tilfella vi har sett på. I nokon tilfelle er det ikkje innhenta skatteattest i dei tilfella dette gjeld, eller skrevet protokoll for anskaffinga. Det meiner vi kommunen bør gjere i alle anskaffingar framover.

I spørjeundersøkinga gjer tilsette nokon tilbakemeldingar på korleis dei har gjennomført og dokumentert innkjøp på område det ikkje er inngått rammeavtale. Vi poengterer viktigheita av at prinsippet om konkurranse blir overheldt ovanfor alle som gjer innkjøp og anskaffingar, også i anskaffingar under kr 100 000 ekskl. mva. Prinsippa om god forretningsskikk og det grunnleggjande prinsippet om konkurranse i ein kvar anskaffing skal ivaretakast for alle innkjøp og anskaffingar uansett verdi.

Nyttar Sula kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Våre undersøkingar viser at Sula kommune har ein oppdatert oversikt over alle rammeavtalar som er inngått i kvalitetssikringssystemet Risk Manager. Dei aller fleste tilsette (83%) også har ein oversikt over nokon rammeavtalar/ dei rammeavtalar som er relevante for sitt tenesteområde.

Vår gjennomgang viser at Sula kommune i relativt stor grad nyttar seg av dei inngåtte rammeavtalane, men også tilfelle av kjøp frå andre leverandørar. Det er uttrykt ei forventning i kommunen om at elektronisk handel skal nyttast i innkjøp, og dei fleste tilsette er kjend med e-handelssystemet. Om lag halvparten har fått opplæring av systemet, og dei tilsette seier dei ønskjer meir opplæring og informasjon for at det skal bli brukt i større grad.

6 ANBEFALINGAR

Med bakgrunn i våre funn, vurderingar og konklusjonar vil vi anbefale Sula kommune følgjande:

1. At kommunen sikrar nødvendig opplæring av alle som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar etter anskaffinga sin karakter.
2. Å ha ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling i innkjøpsstrategien. Vi anbefaler også at kommunen vurderer å kartlegge kva som ligg i fullmakta til innkjøpar og gjer eventuelle avgrensingar synlege.
3. At det sikrast at alle som skal nytte e-handel får opplæring i dette.
4. At det sikrast at det blir innhenta skatteattest for norske leverandørar på over 500 000 ekskl. mva., og at plikta for å utarbeide protokoll blir følgd.

REFERANSELISTE

Difi (2016). «Digitalisering av anskaffingsprosessen». Hentet fra:

<https://www.anskaffelser.no/innkjopsledelse/digitalisering> [Lesedato: 03.06.2021].

Judicia (2021). Heimeside. Henta frå: [Judicia DA](#) [Lesedato: 28.04.2021].

Knudtzon, Lillin Cathrine og Kristin Amundsen (2006). «Verktøy for design av forvaltningsrevisjonsprosjekter». Riksrevisjonen. Hentet fra: <http://docplayer.me/14544389-Verktoy-for-design-av-forvaltningsrevisjonsprosjekter.html> [Lesedato: 15.02.2021].

Odin Prosjekt (2021). Heimeside. Henta frå: [Hjem | Odin Prosjekt](#) [Lesedato: 28.04.2021].

Regjeringen (2020). *Terskelverdier*. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/48242c43007d4e4c95dec5d63b2df498/nye-terskelverdier-av-12-februar-2020.pdf> [Lesedato: 07.05.2021].

Ålesund kommune (2021). Offentlege innkjøp. Henta frå: [Offentlege innkjøp - Ålesund kommune \(alesund.kommune.no\)](#) [Lesedato: 27.04.2021].

VEDLEGG 1: HØYRINGSUTTAELSE FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN



SULA KOMMUNE
Økonomi og løn

Møre og Romsdal Revisjon Sa
Astrups gate 9
6509 KRISTIANSUND N

Vår ref.:
21/16394

Saksbeh.:
JPL

Ark.:
K1-216

Dykkar ref.:

Dato:
30.06.2021

Forvaltningsrevisjon innkjøp for Sula kommune

Sula kommune viser til Møre og Romsdal revisjon sin rapport av juni 2021 vedrørende forvaltningsrevisjon av «Offentlege innkjøp og anskaffingar».

